

# Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre

Protokoll 2/2013

Møtedato: onsdag 22. mai kl. 10.00-14.00

Til stades: X

	<b>Representantar Helseforetaket</b>		<b>Vara</b>
	Torstein Hole		Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
X	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
	Manuela Strauss		
X	Robert Giske		

		<b>Representantar kommunane</b>		<b>Vara</b>
X	SRR	Ottar Grimstad, Hareid, forlot møte kl.13:30		Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram		Kjartan Lied, Stranda
X	SRR	Kjetil Fylling, kommunalsjef, Sula		Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
X	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy		Marit Botnen

		<b>Representantar vertskommunane</b>		<b>Vara</b>
	Ålesund	Håvard Overå	X	Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre, Regionråd		Jorunn Anne R. Tomasgard, Volda

	<b>Representant fastlegane:</b>		<b>Vara</b>
	Stian Endresen, Ulstein legekantor		Arne Morterud, Giske legekantor

		<b>Representantar Fagforeiningane:</b>		<b>Vara</b>
	Fagforbundet	Torunn Hoel	X	Ivar Østrem
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune		Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune		Åse Vegsund, Sula Kommune
	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus		Kaspara Nettet Tørten, Ålesund, sjukehus, vara

	<b>Brukarrepresentant:</b>		<b>Vara</b>
	Ingrid Løset, Sunnmøre	X	Jakob Strand, Sunnmøre til 12:15

X	Helse Møre og Romsdal HF	Hilde A. Flø		Sekretær
---	--------------------------	--------------	--	----------

## **Sakliste:**

- Sak 2013/09 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 2013/03 Samhandlingsstruktur
- Status – avtalerevisjon høsten 2013
- Sak 2012/18 Status – Sak 2012/18 - Felles kompetanse og rekrutteringsplan
- Sak 2013/10 Hospiteringsprosedyre – gjennomgang og oppdatering. Sjå vedlegg
- Sak 2013/11 Eventuelt.

**Sak 2013/09 Godkjenning av innkalling og sakliste.**  
Godkjent

**Sak 2013/03 Samhandlingsstruktur**

- Status – avtalerevisjon hausten 2013
- Utvalet har frist for tilbakemelding til Overordna samhandlingsutval 01.oktober 2013.
- Janita Skogeng orienterte om dagens struktur. Vurdere om denne er hensiktsmessig.

**Etter brei drøfting og innspel vart det einigheit om å ha fokus på følgjande tema ved revisjon av samhandlingsavtalene:**

1. Samhandlingskonferanser – vurdere form og førekomst
2. Vidareføre noverande struktur
3. Klinisk kontaktflate – sjå på kva dei kliniske samhandlingsutvala arbeider med
4. Representasjon
5. Sekretariatsfunksjon på tvers av helseføretaket og kommunane

Sunnmøre Regionråd (SRR) har satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane på Sunnmøre som òg kjem med innspel i saka innan 01.oktober.

Det vart peika på at helseføretaket og bør ha ei gruppe som kjem med sine innspel.

**Sak 2012/18 Status – Sak 2012/18 - Felles kompetanse og rekrutteringsplan**  
Janita Skogeng viste til mandat frå det Overordna samhandlingsutvalet. Utvalet må avvente vidare drøfting i saka inntil ny samhandlingssjef har orientert seg i saka. Ein kjem difor tilbake til denne saka.

**Sak 2013/10 Hospiteringsprosedyre.**  
Ragnhild Velsvik Berge har meldt opp saka og orienterte om bakgrunn.

### **Vedtak.**

Einigheit om at eiga arbeidsgruppe ser på revidering av prosedyra. Medlemmar til arbeidsgruppa vart vedtatt slik.

- Ståle Ræstad, representert frå dei tillitsvalde
- Gro Anette Frøystad Voldsund frå kommunane
- Robert Giske finn representant frå helseføretaket.
- Frist: Forslag ny revisjon leggest fram i møte Administrativt samhandlingsutval 04.september

Sak 2013/11      Eventuelt.

**Representantar til arbeidsgruppe for utredningsarbeid om Samhandlingsreforma og konsekvensar for planlegging i spesialisthelsetenesta – status:**

Følgjande representantar er utpeikt:

- Marit Botnen, Ulstein kommune
- Anniken Standal frå Samhandlingsavdelinga, Helse Møre og Romsdal HF
- Forslag frå tillitsvalte sine representantar er sendt Espen Remme. Ein avvente svar på oppnemning av desse. Rolleavklaring trengs.

Sak 2013/07

**Oppfølging frå sist møte: Forbetring av daglig kontakt mellom kommunar og kliniske einingar i helseføretaket –arbeidsgruppe frå partane oppnemnst?**

- Robert Giske orienterte om status. Utfordring at der fins fleire møtearenaer som omhandlar same saker.

**Etter drøfting i utvalet konkluderer ein med følgjande:**

- Ein har muligheit til å kalle inn til møte mellom kommune og helseføretak på konkrete saker.
- Arbeidsgrupper kan etablerast ved behov og på konkrete saker.
- Fast arbeidsgruppe opphevast.

Sak 2013/04

**Tilbodet i tverrfagleg spesialisert rehabilitering**

Saka er oversendt Overordna samhandlingsutval

Janita Skogeng informerte om at Klinikksjef Karl Arne Remvik vil orientere om rehabiliteringssaka i møte Overordna samhandlingsutval 05.juni 2013.